



Innst. S. nr. 316

(2007–2008)

Innstilling til Stortinget fra forsvarskomiteen

St.prp. nr. 67 (2007–2008)

Innstilling fra forsvarskomiteen om om endringer i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne verneplik- tige mannskap"

Til Stortinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartemen-
tet fram forslag om regulering av primærgodtgjersler
for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2008.

1.2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på meklingsre-
sultatet mellom staten og LO Stat, Yrkesorganisasjo-
nenes Sentralforbund Stat, Unio, Akademikerne og
Farmaceutisk Forening. Med grunnlag i lønnsopp-
gjeret for statstilsette blir primærgodtgjersler til ver-
nepliktig mannskap tilrådd auka med 7,3 pst. frå
1. juli 2008. Tenestetillegg til HV-innsatsstyrke for
teneste ut over 6 dagar i året og godtgjøring i forbin-
delse med katastrofehjelp (§ 13-oppdrag), jf. HV-
loven § 13, er ikkje tidlegare regulerte. Det er natur-
leg at desse to tilleggga blir regulerte på same måten
som andre tenestetillegg.

Meirutgiftene for 2008 er utrekna til 26,806 mill.
kroner.

1.3 Bakgrunn

Gjennom ei rekkje år har dei økonomiske ytin-
gane til soldatane blitt regulert med basis i lønnsopp-
gjeret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har
dei seinare åra, i tråd med synet til Stortinget, lagt til
grunn den reguleringa som blir gitt i lågaste lønns-
trinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Lønnsoppgjeret for statstilsette i lønnsramme 1,
alternativ 1, gav som resultat eit kronetillegg på
16 000 på A-tabellen. Dette utgjer til saman ei regu-
lering på 7,3 pst.

1.4 Vurderingar

Dei årlege reguleringane med basis i lønnsopp-
gjeret sikrar dei vernepliktige ein rimeleg god leve-
standard. Departementet meiner det er naturleg og
rimeleg at det i år blir gitt ei regulering som for
lågaste begynnarlønn for vaksen, ufaglært arbeids-
kraft i staten. Etter ei samla vurdering har Forsvars-
departementet kome fram til at dei vernepliktige bør
få ei regulering på avrunda 7,3 pst. med verknad frå
1. juli 2008.

1.5 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane
frå 1. juli 2008:

- Tenestetillegg frå kr 130,00 til kr 140,00 pr. dag
- Tenestetillegg HV-innsatsstyrke frå kr 700,00 til
kr 751,00 pr. dag
- Operativt (§ 13-oppdrag) tillegg frå kr 1 000,00
til kr 1 073,00 pr. dag
- Korporalstillegg frå kr 16,50 til kr 17,70 pr. dag
- Kompensasjonstillegg frå kr 256,00 til kr 275,00
pr. dag
- Ektefelletillegg frå kr 3 492,00 til kr 3 750,00 pr.
månad
- Barnetillegg, fyrste barn frå kr 3 966,00 til
kr 4 260,00 pr. månad
- Barnetillegg, øvrige barn frå kr 1 635,00 til
kr 1 755,00 pr. månad
- Dimisjonsgodtgjersle 12 månader teneste frå
kr 25 000 til kr 26 850,00

- Utdanningsbonus, dagsats frå kr 48,50 til kr 52,00 pr. dag

1.6 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene som følgje av forslaget er utrekna til 26,806 mill. kroner for 2008 etter følgjande fordeling:

- Auke av tenestetillegg og korporalstillegg 14,832 mill. kroner
- Auke av tenestetillegg HV-innsatsstyrke og operativt tillegg (§ 13-oppdrag) 0,359 mill. kroner
- Auke av kompensasjonstillegg 0,192 mill. kroner
- Auke av forsørgjartillegg 0,689 mill. kroner
- Auke av dimisjonsgodtgjersle 10,466 mill. kroner
- Auke av utdanningsbonus dagsats 0,267 mill. kroner

1.7 Verknad for siviltenesta

Regulativendringar for militære vernepliktige mannskap utløyser tilsvarende endringar for dei

sivile vernepliktige. Dette følgjer av militærnektekløva § 18. Meirkostnadane for siviltenesteforvaltninga for andre halvåret 2008 er utrekna til 2,29 mill. kroner. Verknad for heile året blir 4,07 mill. kroner.

2. KOMITEENS MERKANDER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bendiks H. Arnesen, Thorbjørn Jagland og Signe Øye, fra Framskrittspartiet, Per Roar Bredvold, Henning Skumsvoll og Per Ove Width, fra Høyre, lederen Jan Petersen, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bjørn Jacobsen, støtter Regjeringens forslag om å regulere primærgodtgjørelsen for utskrevne vernepliktige mannskaper med 7,3 pst. fra 1. juli 2008. Komiteen merker seg at merutgiftene knyttet til denne reguleringen beløper seg til 26,8 mill. kroner og tilsvarende regulering for sivile vernepliktige til 2,2 mill. kroner for 2008.

3. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser for øvrig til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Kap	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
450		Sivile vernepliktige	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	2 290 000
		frå kr 95 746 000 til kr 98 036 000	
1719		Felles utgifter og tilskudd til foretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	63 000
		frå kr 360 594 000 til kr 360 657 000	
1720		Felles leing og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	173 000
		frå kr 1 715 390 000 til kr 1 715 563 000	
1725		Fellesinstitusjoner og -utgifter under FST	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	1 026 000
		frå kr 2 240 018 000 til kr 2 241 044 000	
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	12 493 000
		frå kr 3 930 211 000 til kr 3 942 704 000	
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	3 399 000
		frå kr 2 814 073 000 til kr 2 817 472 000	

1733	Luftforsvaret	
1	Driftsutgifter, blir auka med	2 461 000
	frå kr 3 416 192 000 til kr 3 418 653 000	
1734	Heimevernet	
1	Driftsutgifter, blir auka med	2 567 000
	frå kr 1 077 307 000 til kr 1 079 874 000	
1740	Forsvarets logistikkorganisasjon	
1	Driftsutgifter, blir auka med	3 628 000
	frå kr 2 447 394 000 til kr 2 451 022 000	
1790	Kystvakten	
1	Driftsutgifter, blir auka med	983 000
	frå kr 859 463 000 til kr 860 446 000	
1795	Kulturelle og allmennyttige formål	
1	Driftsutgifter, blir auka med	13 000
	Frå kr 221 909 000 til kr 221 922 000	

Oslo, i forsvarskomiteen, den 13. juni 2008

Jan Petersen
leder

Per Roar Bredvold
ordfører

